

Brukerutvalgsmøte HMR

Dato: 19.01.2026 10:00 - 15:00

Sted: HMR.AL.Rom.Storhornet

Deltakere: 'hanne.haavde.stenseth@pasientogbrukerombudet.no'; Aske, Bjørn; espen.myrvag@rio.no; Hagerup, Vidar; Heidi Anita Johansen; kosinvestm@outlook.com; Lasse Alexander Olsen Honningsvåg; Nina Kristine Røe Eliassen; OttarJan Løvoll; Reidun Elin Helgheim Swan; Sandra Vanessa Borhaug; Solveig Jacobsen; Spjelkavik, Randi; Svanemslis, Evy

Referent: Spjelkavik, Randi

1. Sak 01/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Ansvarlig: Løvoll, Ottar Jan

Beskrivelse

Innkalling og saksliste til Brukarutvalsmøte 19.01.26., vart lagt fram for godkjenning

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner saksliste og innkalling

2. Sak 02/26 Orientering frå administrerande direktør

Ansvarlig: Lødemel, Olav Terje

Beskrivelse

Orientering frå administrerande direktør Olav Lødemel

Oppsummering

Olav Terje Lødemel skildra ein krevjande inngang til 2026, der ambisiøse mål i sjukehuset står i tydeleg kontrast til dei økonomiske rammene føretaket har å forhalde seg til. Han viste til store omstillingar frå 2024 til 2025, men føretaket enda likevel rundt minus 550 millionar kroner, særleg på grunn av investeringskostnader til nytt sjukehus og nytt journalsystem. Arbeidet med å finne nye tiltak for 2026 pågår framleis i klinikkane.

Han skildra òg ein pressa driftssituasjon gjennom desember og nyttår, med svært høgt belegg som følgje av influensa, covid og luftvegsinfeksjonar. Intensivavdelingane var hardt belasta, og mange tilsette arbeidde ekstra. Lødemel uttrykte stor takksemd for innsatsen og understreka kor viktig det er med høg vaksinasjonsgrad både blant tilsette og sårbare pasientgrupper.

Til slutt framheva han behovet for god dialog med kommunane i ei tid prega av omstilling og økonomiske utfordringar, og peika på at etablerte samhandlingsfora er avgjerande for føreseielegheit og godt samarbeid.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande

3. Sak 03/26 Status økonomi

Ansvarlig: Myhre, Randi

Beskrivelse

Orientering frå Økonomidirektør Randi Myhre

Oppsummering

Økonomidirektør Randi Myhre orienterte og gav ei oversikt over finansieringa av helseføretaka i Helse Midt-Noreg og hovudtala for budsjettet 2026. Inntektene består av basisramme, aktivitetsbaserte inntekter (ISF m.m.), resultatbasert finansiering og øyremerkte midlar. Totale løyvingar i 2026 er om lag 30,8 milliardar kroner, der HMR får om lag 9 milliardar.

Faste kostnader som legemiddel, behandlingshjelpemiddel, gjestepasientar, IKT-kostnader, avskrivningar og renter utgjer ein stor del av budsjettet. Kostnader til avskrivningar og renter auka betydeleg i 2025 og 2026 knytt til SNR, og vil auke ytterlegare i 2027 og 2028 knytt til AIO. Budsjettet for 2026 byggjer på føresetnader om tre akuttsykehus og eit elektivt tilbod i Kristiansund.

Protokoll:

Faste kostnader som legemiddel, behandlingshjelpemiddel, gjestepasientar, IKT-kostnader, avskrivningar og renter utgjer ein stor del av budsjettet. Kostnader til avskrivningar og renter auka betydeleg i 2025 og 2026 knytt til SNR, og vil auke ytterlegare i 2027 og 2028 knytt til AIO. Det vert stilt krav om kostnadsreduksjonar og årsverksnedgang for å sikre berekraftig drift. Budsjettet for 2026 byggjer på føresetnader om tre akuttsykehus og eit elektivt tilbod i Kristiansund.

Beslutning

Brukarutvalget for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande

Vedlegg

- [19.01.26 - Presentasjon frå økonomidirektør.pdf](#)

4. Sak 04/26 Status pasientbehandling (ventetid, fristbrudd)

Ansvarlig: Sjøgaard, Erik Ganesh Iyer

Beskrivelse

Orientering frå Fagdirektør Erik Ganesh Iyer Sjøgaard

Oppsummering

Fagdirektør Erik Ganesh Iyer Sjøgaard orienterte om status for ventetider og fristbrudd, særleg innan ortopedi.

Videre ble det orientert om følgende:

- Nasjonale krav for 2026: redusere ventetid, betre pasientflyt og raskare tilgang til helsehjelp.
- Tiltak: direkte time, kortare tid til operasjon, aksjonspoliklinikk og bruk av private ved behov.
- Mål: årleg reduksjon i ventetid, betre gjennomføring av pakkeforløp og at 95% av pasientavtaler blir haldne.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande

Vedlegg

- [19.01.26 - Brukerutvalget - fra fagdirektør - Ventetider.pdf](#)

5. Sak 05/26 Status Helsa mi / Helseplattformen

Ansvarlig: Erdal, Henrik

Beskrivelse

Orientering fra Henrik Erdal, Medisinsk E-helsesjef

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande

6. Sak 06/26 Orientering om Partnerskapsutvalget og Strategisk samarbeidsutvalg

Ansvarlig: Otterlei, Eli Klara

Beskrivelse

Orientering frå Samhandlingssjef Eli Klara Otterlei, seksjon for samhandling Fagavdelinga.

Oppsummering

Samhandlingssjef Eli Otterlei presenterte ei oversikt over Helsefelleskap Møre og Romsdal, korleis samarbeidet mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal er organisert, og kva som ligg i Samarbeidsavtalen 2025.

Det vert forklart i presentasjonen korleis Strategisk samarbeidsutval (SSU) forvaltar rekrutterings- og samhandlingsmidlar, og korleis søknadsprosessen fungerer.

Presentasjonen skildrar vidare òg den nye avtalestrukturen (hovudavtale + seks delavtalar) og helsefelleskapets tre nivå: partnerskapsmøte, strategiske og lokale utval, og seks faglege samarbeidsutval.

Beslutning

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek saka til orientering

Vedlegg

- [19.01.26. - Presentasjon fra samhandlingssjef Eli Otterlei.pdf](#)

7. Sak 07/26 Valg av brukerrepresentantar til diverse råd, utval og prosjekt

Ansvarlig: Spjelkavik, Randi

Beskrivelse

1. Henvending frå overlege Frank-David Øhrn som har fått i oppdrag frå fagdirektøren i Helse Møre og Romsdal å leie eit forskingsprosjekt om dagkirurgi for hofte- og kneproteser. Prosjektet skal rekruttere pasientar frå Volda, Ålesund og SNR. Protokoll er under preliminær utarbeiding no. Studiet vil bli organisert med styringsgruppe, referansegruppe og prosjektgruppe. Alle gruppene vil gjennomgå og bidra til å utarbeide protokollen. I den samanhengen er eg på jakt etter ein person som kan bidra med brukarperspektivet inn i dette. Som ein del av prosjektet skal vi utarbeide og svare på den såkalla piloten som statsråden har bedt om med tanke på eventuell tilbakeføring av dagkirurgi til SNR Kristiansund. Det hadde difor vore ønskjeleg med ein brukarrepresentant frå nordfylket, om mogleg. Studien har det førebels namnet DART-studien.
2. Kvalitetsråd Klinikk for prehospitale tenester
3. Kvalitetsråd Klinikk for sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)
4. Klinisk etisk komitè (KEK).
5. Henvending frå Henrik Janson, seksjonsleiar for klinisk støttefunksjonar ved Ålesund sjukehus, samt prest- og samtalenester i heile føretaket. Sammen med seksjonsoverlege Eli Shihn Samdal Steinskog planlegg dei å søkje innovasjonsmidlar frå HMN til eit prosjekt som skal styrkje samtalestøtta for pasientar med kreftsjukdom. Der dei ber om brukarrepresentant. Søknadsfrist for innovasjonsmidlar er 12.02.26. Utbetaling av midlar i april/mai 2026. Innleiande fase ca juni 2026. Tentativ oppstart 3. kvartal 2026.
6. Brukarmedverknad i ortopedisk forskingsprosjekt – nytt prosjekt som omhandlar pasienttilfredsheit etter kneprotese.

Oppsummering

1. Evy Anne Mortensen Svanemslis er valgt og Heidi Anita Johansen valgt som vara
2. Solveig Jacobsen er valgt og Nina Kristine Røe Eliassen valgt som vara
3. Heidi Anita Johansen er valgt og Evy Anne Mortensen Svanemslis valgt som vara
4. Kjell Ove Salen trer inn for Per Øvermo
5. Bjørn Aske er valgt
6. Tore Voksø er valgt

8. Sak 08/26 Praktisk øvelse i bruk av Teams

Ansvarlig: Hagerup, Vidar

9. 09/26 Evt

Ansvarlig: Løvoll, Ottar Jan

Beskrivelse

- [Brukerutvalget sin deltagelse i styremøter 2026.doc](#)
- Referat fra RBU, brukerutvalget HNT og protokoll fra styremøtet HMR 17.12.2025

Vedlegg

- [Protokoll RBU 17.12.25..pdf](#)
- [Protokoll Brukerutvalget HNT.pdf](#)

- [Brukerrepresentasjon i råd og utvalg.xlsx](#)
- [2025.12.17 - Signert protokoll fra styremøtet i Helse Møre og Romsdal.pdf](#)
- [Brukerutvalget sin deltagelse i styremøter 2026.docx](#)